



Klrgjering og rigging til Festidalen 2019 er i full gang.

Til helga brakar det laus på ny, og Festidalenleiinga har litt praktisk informasjon til naboar spesielt og uskedelingar generelt. Festivalområdet på Dønhaug vert no rigga. Det vert noko trailertrafikk og det er viktig at kryss og vegar opp til Dønhaug ikkje vert blokkerte av parkerte bilar. Dette gjeld heilt fram til nedrigg er ferdig onsdag i neste veke.

Torsdag og fredag ettermiddag og heile laurdag vert det ein del trafikk og mykje vandrane publikum i Uskedalen. Det er ikkje særskilt parkeringsareal for Festidalen, så bilar må stå på vanlege, offentleg tilgjengelege p-plassar. Det vil ikkje foregå arrangement nede i bygda eller i båthamna i år.

Det vert høg musikk frå utandørsscena på Dønhaug i tidsrommet ca. kl. 16.00 – 01.00 fredag og laurdag. Det vert ikkje sendt opp fyrverkeri. Bussar tek oppstilling i Uskedalen sentrum og køyrer publikum heim ca. kl. 01.30 natt til laurdag og natt til søndag.



Fetidalen legg alltid vekt på eit landleg og triveleg festivalområde (Akrivfoto).

Kjerlandssido vert stengt ved Uskedal bru både fredag kveld og laurdag kveld. Dei som bur langs Kjerlandssido mellom Uskedal bru og gardsbarnehagen slepp forbi, men vi oppmodar sterkt om at alle som kan køyrar Døsslandssido så lenge arrangementa på Dønhaug varar.

Fetidalen vil ha god tryggleik for publikum, artistar, frivillige og naboar. Under arrangement med mykje publikum er det vakter til stades, både på arenaen og i nærområdet. I tillegg til frivillige vakter er det innleigd vaktsselskap og politipatrulje.

Om det oppstår uønskte situasjonar undervegs i festivalen, kan du ta kontakt med ein av vaktene eller direkte til Festidalen sin vakttelefon (sjå under). Dette nummeret kan du ringe for å varsle om ting festivalleinga bør vite om, og som hastar.

Dette er ein vakttelefon, og vi ønskjer ikkje spørsmål om billetter, opningstider og slikt til denne telefonen. Det er viktig at denne lina er minst mogleg i bruk i tilfelle akutte situasjonar.

Fetidalen er ein godt innarbeidd festival som set Uskedalen, Kvinnherad og Sunnhordland på kartet. Om lag 300 menneske gjennomfører dette på dugnad utan anna løn enn gleda over å skapa noko som andre kan gle seg over.

Det er også mange firma, organisasjonar, grunneigarar og einskildpersonar som bidreg med sponsormidlar, utstyr, løyve og annan hjelp. Vi rettar ein stor takk til dei alle!

Spørsmål eller tips elles kan også rettast til eit av medlemene i festivalleinga, gjerne som tekstmelding.

Sjå telefonnummer under.

Med helsing Festidalen,
Una Kolle, mob. 991 55 425
Margit Lund-Mikkelsen, mob. 911 51 009
Lene Gjuvsland Skjelnes mob 415 17 746
Vakttelefon 906 38 945 (berre om det verkeleg hastar)

Tekst/foto: Festidalen/ Kristian Bringedal
 Nett: Kristian Bringedal



Lene Gjuvslund Skjelnes har ei sentral rolle i festivalleinga, saman med Una Kolle og Marit Lund-Mikkelsen.